

Sogn og Fjordane fylkeskommune
Askedalen 2
6863 LEIKANGER

Deres ref

Vår ref
15/56-221

Dato
15. mars 2019

Svar på førespurnad om møte om avgiftsbelastning på det regionale flyrutenettet

I e-post av 29. januar 2019 har fylkesordfører Jenny Følling bedt om eit møte med statsråd Jon Georg Dale for å diskutere avgiftsbelastninga på det regionale flyrutenettet. Grunnen til at vi har brukt lang tid på å svare er at departementet i mellomtida har

1. sendt ut eit høyringsnotat med forslag til endringar i innretninga av luftfartsavgiftene datert 18. februar 2019 (sak 18/1930), og
2. utlyst konkurranse om drift av ulønnsame flyruter i Sør-Noreg i tidsrommet 2020-2024.

Det første av desse to tiltaka byggjer på ei erkjenning som er lik den som er beskrive i møteførespurnaden; avgiftsbelastninga på dei kommersielle distriktsrutene har blitt så stor at det er nødvendig å foreslå endringar. Dei fiskale avgiftene er ikkje samferdselsministerens ansvarsområde, og vil uansett ikkje være tema i eit slikt møte.

Etter dette meiner vi det er naturleg at Sogn og Fjordane fylkeskommune vurderer dei forslaga til forbetringar som departementet har foreslått, og nyttar mogligheita til å kome med merknadar til dette innan fristen 26. april 2019.

Med helsing

Øyvind Ek (e.f.)
avdelingsdirektør

Morten Foss
fagdirektør

Dokumentet er elektronisk signert og har derfor ikke håndskrevne signaturer

Postadresse
Postboks 8010 Dep
0030 Oslo
postmottak@sd.dep.no

Kontoradresse
Akersg. 59
www.sd.dep.no

Telefon*
22 24 90 90
Org.nr.
972 417 904

Avdeling
Luft- post- og
teleavdelingen

Saksbehandler
Morten Foss
22 24 82 50